



Elins Matgleder - ein ny og spennande verksemd i bygda

**Elin Enes opnar Elins Matgleder heime på Feet med fest laurdag føremiddag. Festen startar klokka 12 og varer i 2 timer og Elin ynskjer at alle som vil skal få komma og smaka på mange godsaker, som ho formulerar det i ei pressemelding ho har sendt ut.**

**Uskedalen Musikklag kjem for å laga julastemning og Arne Torget skal ta seg av sjølve opninga.**

**Elles skriv Elin slik:**

- Sidan eg lagar mat på bestilling, vil eg denne dagen gje smaksprøver på tapas, kaker og anna for å visa kva eg kan tilby.

Dette er og for å takka for den massive støtta eg fekk då eg meldte meg på til Eyvind Hellstrøms hjemmekokkelaug.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Elin med attesten på at ho er med i hjemmekokkelaget